

Laget Vårsøg

Postboks 132

6650 Surnadal

www.varsoghelga.no

Tlf 95994921



PRESSESKRIV FRÅ VÅRSØGHELGA

Vårsøghelga 2022 går av stabelen frå 26. til 29. mai 2022

Vi er glade for å allereie no presentere Kleivakveldens hovudartist. Det er stjernekampfinalist **Bjørn Tomren** saman med sin faste makker **Heine Bugge**. Dei opptrer saman under namnet **PolkaBjørn&KleineHeine**. Bjørn og Heine er kjent som universets beste trekkspill og jodledo. Duoen har i over 10 år har blitt møtt med overveldande begeistring i inn- og utland. I Surnadal er dei også kjent med hitlåten «La tralla gå» Bjørn Tomren har i haust imponert heile Noreg som den mest særegne artisten i den populære NRK-serien «**Stjernekamp**». Med sitt unike utrykk og sin eineståande formidlingsemne, har Tomren på kort tid rukket å bli folkeeige, og har blitt omtalt som «den kulaste artisten i Stjernekamp gjennom tidene» Billetsalget til Kleivakvelden er straks i gang, og billettar til Kleivakvelden er å få kjøpt på Surnadal kulturhus og på nettsida til kulturhuset. **Nytt av året er at born og unge under 18 år får gratis inngang på Kleivakvelden.**

Ellers kan vi melde om at det framleis er ledige billettar til konserten med **Åge Aleksandersen** i Stangvik kyrkje **02. november kl 19.30**. Åge er aktuell med ny plate som har trilla 5 og 6 på terningane i alle landets aviser. Åge har også eit heilt spesielt forhold til Stangvik kyrkje, som han kjem til fortelle om under konserten.

Laurdag **4. desember kl 15.30** i Stangvik kyrkje kan vi garantere julestemning. Vi gjentek suksessen med julekonserten «**Julefryd**» med **Nidarosdomens jentekor og Trondheimsolistene**. For fyrste gong tok dei i fjar med seg «Julefryd» ut av Nidarosdomen, og ei fullsatt Storstue på Surnadal kulturhus fekk ei oppleving heilt utanom det vanlege. I år har dei med seg folkemusiker **Gjermund Larsen** som gjest. Her får vi ein rørande og vakker julekonsert med det aller beste av norske musikarar.

Billettar til alle konsertar arrangert av Vårsøghelga er å få kjøpt på **Surnadal kulturhus** og på nettsida til kulturhuset.

Mvh

Vårsøghelga v/Anders Larsen



Lenke til pressebilder: [https://www.dropbox.com/sh/oa1zfkbd8qtetnb/
AABnQC6f_NTYUHaJcUu0N6twa?dl=0](https://www.dropbox.com/sh/oa1zfkbd8qtetnb/AABnQC6f_NTYUHaJcUu0N6twa?dl=0)

